



Møre og Romsdal
fylkeskommune
Volda vidaregåande skule

Juli 2010

INFORMASJON OM FAGET TOPPIDRETT PÅ STUDIESPESIALISERING 2010/2011

Volda vgs vil hausten 2010 for første gang tilby faget toppidrett som eit programfag på Vg1 Studiespesialisering. Faget er på 5 timar, og kjem i tillegg til dei 30 timane elevane vanlegvis har på STUSP1, elevar som vel faget skal difor ha 35 timar pr. veka heile skuleåret. Læreplanen for faget ligg på www.udir.no. Initiativet til opprettinga av faget kom frå handball- og fotballmiljøa i Volda og Ørsta, og faget er difor spesielt retta inn mot desse to idrettane.

Timane i faget er plassert på 1. og 2. time to dagar i veka, og på siste timen fredag. Tre timar vil vere fellestrening for både handball- og fotballelevar, medan i to av timane er det gruppedeling, alt etter kva idrett ein vel å satse på. (Elevane har i tillegg faget kroppsøving på lik linje med andre elevar.)

Elevane vil bli tatt inn gjennom ordinært inntak for Møre og Romsdal fylkeskommune, og må difor søke skulen om å få ta faget etter at inntaket er gjort. Send difor søknad til volda.vgs@mrfylke.no med følgande ordlyd:

" Eg søkjer med dette om å få 5 timar toppidrett på Volda vgs skuleåret 2010/2011. Eg vil spesialisere meg innan _____(enten handball eller fotball)

Namn _____

Telefonnr. _____"

Ein kan sjølvsgt også velje å sende søknad i brev eller på fax. Sjå adresse nederst på arket.

Frist for å sende inn søknad er 01.08.10